

NRK Nynorsk mediesenter

Status per 29.06.2011



NRK og nynorskprosenten

Medietilsynet har nok eit år slege faste at NRK ikkje når målet om minst 25 % nynorsk. Fem av sju kanalar hadde mindre nynorsk i fjar enn året før. NRK P3 hadde mest med 22,5 % og NRK Super minst med 9,2 %. Nettsida NRK.no er ikkje med i målingane.

Det er ulike forklaringar og bortforklarings å møte. Nokon meiner nedgongen kjem seg av nye målingar (Synovate tok over målingane frå NRK Analyse i fjar), andre at han berre avspeglar kor få nynorskbrukande journalistar som finst. Og nokon vil justere ned nynorskprosenten, fordi dei meiner han er "gamaldags" og uråd å nå.

- Eg har ei kjensle av at tala for fjaråret kanskje er dei rettaste vi har hatt. Før om åra har eg ofte lurt på kvar dei er dei nynorskbrukarane som fekk fleire kanalar nær 25 % nynorsk, seier Magni Øvrebotten.

Ho meiner manglande medvit om at ein må tilsette nynorskbrukarar for få opp nynorskprosenten framleis er det største problemet.

– Eg var nyleg i ein større redaksjon heilt utan nynorskfolk i staben. Til eit ledig vikariat var det fire aktuelle søkjarar, ein av dei var nynorskbrukar. Vedkomande fekk særskild god omtale og var så absolutt aktuell, sa dei. Men dei tilsette ein bokmålsbrukar. Det er nokså typisk, seier Øvrebotten.



Eit stykke frå skjemdarvit til handling

Det er lite uttrykt motvilje mot nynorsk å møte i NRK, men engasjementet er også lite. Det er vanskeleg å vurdere om det handlar om mangel på medvit, vilje eller om dei ulike leiarane ikkje tek kravet til 25 % nynorsk alvorleg.

– Men eitt er eg overtydd om; Når eg ser kor lite viktig det er med nynorsk i redaksjonane når vi har kravet om 25 %, så hadde nynorskprosenten vore dei revjande likegyldig om kravet ikkje fanst. No er det i det minste ein del leiarar som tykkjer det er pinleg at dei ligg så därleg an. Men det er framleis eit godt stykke frå skjemdarvit til handling, seier Øvrebotten.

I NRK, som elles i samfunnet, er det no ein del som vonar at Høgre sitt vedtak om å kutte sidemålsstilen i ungdomsskulen er eit varsel om betre tider for dei som vil kvitte seg med heile ”nynorskåket”. Det vil seie alt som luktar av jamstilling, krav og prosentar. Alt bør vere fritt opp til den einskilde er tonen i tida.

Fridom berre for fleirtalet

Men det er ein fridom som berre vil gjelde fleirtalet, bokmålsbrukarane.

Nynorskbrukarane må framleis lære seg bokmål, for dei får ikkje skrive nynorsk i til dømes pressa og store delar av norsk arbeidsliv elles. Om bokmålsbrukarane ikkje lærer nynorsk i skulen vert det endå meir ”sjølvsagt” at alle gruppeoppgåver må skrivast på bokmål, og endå fleire som hevdar at dei ikkje skjønar nynorsk. osv. Fylgjeleg vil det verte endå tyngre og tidkrevjande å vere nynorskbrukar. Vona er kanskje at fleire skal gje opp og bruke bokmål?

Betre språkopplæring

For å gjere vårt for betre språk i NRK kjem Nynorsk mediesenter frå hausten av til å betre språkopplæringa. Til denne tid har vi føresett at alle har lært nynorsk grammatikk og skrivestil i skulen.

– No har vi innsett at det er å tru for godt om skuleverket. Heile kull 14 ynskte meir grunnleggande undervising i nynorsk grammatikk, og signala frå ulike

redaksjonar er at det vert forventa meir av nynorskpraktikantane enn av andre nynorskingar. Det får vi ta som ei ære og gjere noko med det, seier Magni Øvrebotten.

Det konkrete tiltaket vert ein dag med nynorsk grammatikk og skrivestil med Wenche Eikum, som elles reiser rundt og kursar folk i "god nynorsk". Ho har høgskuleutdanning i norsk, pedagogikk, journalistikk og historie, og er såleis godt skodd for oppgåva. Ho kjem også til å fylge med på språket til praktikantane saman med faglærarane, og ha oppfølgingstimar dei fire månadane praktikantane er i Førde. Dette kjem i tillegg til dei andre forelesingane vi har om nynorsk på læreplanen.

Kull 15

Det femtande kullet er på plass 22. august. Dei skal få opplæring og praksis i Førde fram til jul, og ekstern praksis i januar og februar.



Dei fem heldige denne gongen er: Agnese Bremere (1988), frå Latvia og Luster i Sogn, Sondre Dalaker (1992), frå Kaupanger i Sogn, Susanne Egset (1989), frå Ørsta på Sunnmøre, Lars Erik H. Andreassen (1991), frå Sandnes i Rogaland og Maria Pile Svåsand (1986), frå Strandebarm i Hardanger.

Sjå meir om bakgrunnen deira på nettsida www.nynorskmediesenter.no

- Lærer meir her enn på universitetet



Frå venstre: Jonas Sætre, Gry Brekke Hustveit, Ingvild Nave, Ingrid Brandal Myklebust og Christian Wiik Gjerde

Kull 14 har vore i ekstern praksis frå 2. mai til 30. juni. Jonas Sætre i NRK.no, Gry Brekke Hustveit i NRK Rogaland, Ingvild Nave i NRK Sogn og Fjordane, Ingrid Brandal Myklebust i NRK Dagsrevyen og Christian Wiik Gjerde i NRK Radio Super. Alle klorar seg fast i NRK etter at tida som nynorskpraktikantar er over, og oppsummerer siste halvåret slik:

Ingrid Brandal Myklebust:

- Nynorsk Mediesenter har gjeve meg moglegheiter eg tidlegare berre kunne ha drøymt om. På seks månadar her har eg lært meir enn etter årevis på universitetet - og det er kunnskap eg veit eg kjem til å trenge. Den tilliten eg har vorte gitt ved Nynorsk mediesenter, har motivert meg til å strekke meg langt for å verte ein god journalist. Sjølv om eg har gjort minst hundre ting eg eigentleg ikkje kunne eller torde i løpet av desse seks månadane, har det vore veldig morosamt og eg kjem alltid kjem til å vere glad for alt eg har lært og opplevd på grunn av Nynorsk mediesenter.

Christian Wiik Gjerde:

- Eg har fått realisert ein draum gjennom mi tid i NRK Nynorsk mediesenter. I løpet av dei seks månadane som praktikant har eg fått gjort mykje både på nett, TV og radio. Her eg jobbar no, i NRK radio Super, har eg fått jobba som produsent og reporter. Alt eg har gjort har gitt meg inspirasjon og motivasjon på vegen vidare i mi karriere. Folket omgir meg med er fylt av energi og kreative tankar, noko eg verdset høgt. Dette brenn eg for, og eg vil jobbe hardt for å fortsette i NRK. Til hausten startar eg i eit vikariat som produsent og reporter i NRK radio Super. Dette er i fyrste omgang ut september, med moglegheit for meir. Dessutan er vi som praktikantar velsigna med å ha Magni Øvrebotten i ryggen, som brenn for oss som nynorskbrukande journalistar, og som jobbar aktivt gjennom vår praksistid for vegen vår vidare i NRK.

Ingvild Nave:

- Eg har lært mykje og trivst godt med arbeidet. Satsar på tilkalling og studiar i Bergen frå hausten. Nynorsk mediesenter har vore veldig lærerikt, og definitivt ein hestekur i journalistikk.

Jonas Sætre:

- Eg går frå praksis til sommarjobb i NRK.no og tilkalling etterpå. Praksistida har vore interessant, utfordrande, tidkrevjande og veldig morosam. Eg har utvikla meg mykje som journalist, og har fått stor tillit i redaksjonen. Det skriftlege mediet passar meg veldig bra. I NRK.no får eg høve til å jobbe med foto, video og lyd, og det gjer at berre kreativiteten set grenser for arbeidet. Vidare har eg blitt ekstra merksam på ansvaret eg har i ei redaksjon som NRK.no. Ikkje berre må eg alltid vere påpasseleg i høve til fakta og nøyaktigheit. NRK.no er det einaste landsdekkjande mediet i Noreg som nyttar skriftleg nynorsk. Difor ligg det eit tydeleg ansvar på å fronte nynorsken ut til folk som ikkje vant med det. Det er eit stort ansvar, som eg tek på alvor.

Gry Brekke Hustveit:

- Då eg kom til Førde vart eg rimeleg forundra. Etter å ha vore del av ein

minoritet heilt sidan vidaregåande hamna eg plutseleg i ein by og eit miljø der det å bruka nynorsk var det mest naturlege i verda. Veldig hyggeleg, og lærerikt. Eg har tidlegare hatt litt journalistikk på universitetet, og er ikkje i tvil om at måten Nynorsk mediesenter utdannar journalistar på, er utruleg effektiv. Med masse praksis, stor produksjon, og konstant tilbakemelding føler eg meg klar til å jobba i media etter berre seks månader som nynorskpraktikant. Desse månadene har eg flytt mange personlege grenser, lært masse, og møtt utruleg mange hyggelege folk.

Kurshaldar fast tilsett



Wenche Eikum er nyleg fast tilsett i 60 % stilling etter å ha arbeidd for NRK Nynorsk mediesenter sidan 2005. – Vi skal framleis tene inn løna til kurshaldaren på kursverksemda vår, og ikkje bruke lisenspengar til kurs. Men det er ikkje til hinder for ordna tilsettingsforhold, seier Magni Øvrebotten.

Denne våren har vi skreddarsydd kurs i større grad enn tidlegare, sjølv om alle kursa også før har vore tilpassa målgruppa. - Dette har vore svært vellukka, og vi held fram med det. Dette gjeld spesielt språkkurs. Ulike verksemder og offentlege instansar har ulike utfordringar knytt til språk, og det har vore

spennande å samarbeide med oppdragsgjevar om innhaldet i kursa, seier kursansvarleg Wenche Eikum..

Les meir om kursa og tilbakemeldingar frå dei som har gått dei på nettsida vår www.nynorskmediesenter.no

Nynorskprisen for journalistar i 2011

Kulturdepartementet sin nynorskpris for journalistar gjekk i 2011 til Njord V. Svendsen, tidlegare journalist i Bergens Tidende. Prisen er på 50.000 kroner og eit kunstverk, og vart delt ut for sjette gong.



- I år går prisen til den beste pennen, sa juryleiar Gry Molvær då ho overrekte prisen i Aasentunet i Ørsta 24. juni. Med denne prisutdelinga stakk juryen, utan å vite det, handa inn i den aktuelle debatten om mange mellombels tilsette i media. Njord V. Svendsen slutta i Bergens Tidende veka før juryen hadde møte, fordi han ikkje lenger orka å gå på mellombelse kontraktar.

I takketalen sa Njord V. Svendsen mellom anna dette: - Eg var altså ein av desse mellombelse medarbeidarane, ein vikar, ein laushund på kontrakt etter kontrakt etter kontrakt. Når eg no får ein journalistpris, vil eg derfor delen prisen med alle andre som har jobb utan jobb, som er journalistar, som står på, som kanskje ikkje er journalistar lenger, men som kanskje kunne vunne journalistprisar om

ikkje arbeidsgjevarane deira var så redde for at dei skulle få rettar som arbeidstakarar.

Du finn grunngjevinga til juryen og heile talen til prisvinnaren på www.nynorskmediesenter.no

Kvar vert nynorskpraktikantane av?

1. juli 2011 har vi sendt frå oss 70 nynorskpraktikantar, og 71,5 % av dei har heil- eller deltidsarbeid i media. Tjueto har fast arbeid i media, sytten i NRK.

I NRK er det tidlegare nynorskpraktikantar i Dagsnytt, Dagsrevyen, Utanriks, NRK.no, NRK Super, NRK Radio Super, Kulturnytt, NRK P1, P2 og P3, Torget (intranettet i NRK) og ved distriktskontora i Rogaland, Hordaland, Sogn og Fjordane og Nordland.

Fire tidlegare nynorskpraktikantar er avisjournalistar og fem er informasjonsfolk. På nettsida www.nynorskmediesenter.no finn du jamleg oppdaterte oversikter over kva tidlegare nynorskpraktikantar arbeider med.

Kull 14 – 03.01. – 30.06. 2011



Jonas Sætre (1986) har fått sommarjobb i NRK.no og tilkallingsvikariat til jul, **Ingrid Brandal Myklebust** (1986) er sommarvikar i NRK Dagsrevyen til 2. oktober, **Ingvild Nave** (1990) har sommarjobb i NRK Sogn og Fjordane og skal studere i Bergen frå hausten av, **Gry Brekke Hustveit** (1983) er tilkallingsvikar i NRK Rogaland og **Christian Wiik Gjerde** (1981) har fått to månaders vikariat i NRK Radio Super.

Kull 13 – 23.08.2010 – 28.02.2011



Vegard Troøyen **Foseide** (1984) er fast tilsett som informasjonskonsulent i ungdomsorganisasjonen Changemaker. Hans Henrik **Løken** (1988) er sommarvikar i NRK Sporten. Hilde **Zahl** (1982) er sommarvikar som reporter og programleiar i Kveldsåpent i NRK P1. Karl Kristian **Langeland** (1984) byrjar i august i eit årvikariat som programleiar i NRK Sogn og Fjordane og Hans Kristen **Hyrvé** (1985) har sommarjobb i RadioSelskapet.

Tolvte kullet – 04.01. til 30.06. 2010.



Frå venstre: Astrid Marie **Grov** (1984) arbeider i Språkrådet, Ingvil Aaen **Torpe** (1982) arbeider for Monster Media, som lagar serien "Gøy på landet" for TV Norge. Kristin **Vestreim** (1982) er vikar i "Kulturhuset" i NRK P2. Mari **Langva** (1986) har omsorgspermisjon og Gunn Evi **Auestad** (1986) er vikar i NRK.no..

Ellevte kullet – 24. 08. 2009 til 28. 02. 2010



Frå venstre: Mathias **Oppedal** (1985) er vikar i NRK Rogaland, Aleksander **Vallestad** (1983) vikar i NRK Hordaland, Sara Myhren **Kornberg** (1987), er vikar i Nattradioen i NRK P1, Simon **Solheim** (1990), skal i det militære og håpar på verneplikt som journalist etter rekruttskulen. Bjørn Ivar **Voll** (1985) er sommarvikar i NRK Sogn og Fjordane.



Tiande kullet – 05. 01. til 30. 06. 2009

Frå venstre; Ingunn **Thon** (1986), er fast tilsett i NRK Super. Ho er redaksjonsassistent og manusskrivar/ideutviklar i NRK Super si pedagogiske satsing "Lesekorpset". Malin Olivia **Dahlberg** (1982) er fast tilsett informasjonsrådgjevar i Norske Kunstforeninger, mellom anna med ansvar for nettsida deira. Ingvild **Ryssdal** (1983) er vikar i NRK Dagsnytt/Alltid Nyheter, Anna **Gytri** (1984) er fast tilsett i NRK Sogn og Fjordane og Siri Kleiven **Strøm** (1987) er vikar i NRK Sogn og Fjordane. Frå august 2011 vert ho vikar i NRK Hordaland.

Niande kullet – 25. 08. 2008 til 28. 02. 2009



Frå venstre: Steinarr **Sommerset** (1983) er fast tilsett i eit omsetjarfirma i London. Samina **Bruket** (1985) er fast tilsett i NRK Rogaland. Ann-Iren **Finstad** (1980) er vikar i NRK Dagsrevyen, Magnus **Stokka** (1985) er fast tilsett i NRK Rogaland og Erling Molt **Korsnes** (1984) er fast tilsett i Trafikkredaksjonen på Tyholt.

Åttande kullet 3.01. – 30.06.2008



Marit Holmquist **Fenne** (1980) er fast tilsett journalist på Torget, intranettet i NRK. Elin Thingvoll **Berge** (1980) og Olav Arne **Nedrelid** (1978) er begge medielærarar i den vidaregåande skulen, ho i Stavanger, han i Ålesund. Roger Sevrin **Bruland** (1977) er tilkallingsvikar i NRK Utanriks og Eivor **Brandseth** (1985) fullførde ikkje på grunn av sjukdom.

Sjuande kullet 03.09.2007- 29.02.2008



Eva Marie **Felde** (1981) er informasjonsmedarbeidar ved Høgskulen i Sogn og Fjordane, Eline Buvarp **Aardal** (1984) er vikar i NRK Dagsrevyen. Håvard **Tvedte** (1981) er bibliotekar i Stortinget, Ingunn **Viken** (1980) er vikar i nyhenderedaksjonen i VG og Ivar **Folkedal** (1983) er frilansar.

Sjette kullet 03.01 - 29.06.2007



Gunhild **Sølvberg** (1978) er presse- og kommunikasjonsansvarleg i AFS Internasjonal Utvikling. Yngvill Kolset **Haga** (1980) og Mona **Vetrhus** (1975) er begge vikarar i "Kulturhuset" i NRK P2. Ragnhild **Bjørge** (1977) er fast tilsett i NRK Nyheter, som reporter, vaktsjef og programleiar i Dagsnytt. Inger Synnøve **Tveito** (1985) studerer russisk ved Universitetet i Oslo.

Femte kullet 04.09.2006 – 02.03.2007



Bjarte **Vik** (1986) utdannar seg til lærar. Marianne **Feste** (1981) arbeider i nettredaksjonen til Sjømannskyrkja i Bergen. Gøril **Furu** (1984) er fast tilsett i Musikk- og nattredaksjonen på Tyholt, der ho er programleiar for Nattønsket. Ingrid **Hognaland** (1986) er tilkallingsvikar i NRK Hordaland og studerer øk/adm. ved NHH i Bergen. Vidar **Eidhammer** (1984) er vikar i Dagsnytt/Alltid Nyheter.

Fjerde kullet 03.01.2006 – 01.07.2006



Asgeir **Reksnes** (1979) er fast tilsett i NRK Sogn og Fjordane, Bergit Sønsteboe **Svendseid** (1984) reiser i august til Sør-Afrika for to år, der skal ho studere journalistikk og frilanse for norske media. Erlend Blaalid **Oldeide** (1984) er fast tilsett i NRK Sogn og Fjordane, Ingrid Z. **Aanestad** (1983) er forfattar og Øystein **Windstad** (1983) har fast jobb som nyhendelesar i P5.

Tredje kullet 01.09.2005 – 03.03.2006



Sølve **Rydland** (1984) er fast tilsett i NRK Hordaland, Marita **Haugo** (1982) er fast tilsett i Drammens Tidende, men får ikkje skrive nynorsk. Gisle **Forland** (1981) er fast tilsett i NRK Nordland, Karoline **Kalstveit** (1984) er student og tilkallingsvikar i NRK Hordaland og Håvard **Hamnaberg** (1978) er overingeniør i ressursseksjonen i NVE.

Andre kullet 02.01.05 - 01.07.05



Solveig **Hareide** (1983) er programleiar for matteprogrammet Kosinus i NRK1. Ho er fast tilsett. Eli **Vaage** (1984) har foreldrepermisjon. Ingebjørg **Bø** (1977) er fast tilsett i Telemarksavisa, Birte Njøsen **Horne** (1984) er fast tilsett i NRK og arbeider i FBI-redaksjonen. Janne-Marit Myklebust **Falck** (1981) er fast tilsett journalist i avis Møre.

Fyrste kullet 01.9.2004 – 28.02.2005



Eli **Bjelland** (1981) er fast tilsett i NRK Dagsnytt. Knut Åge **Teigen** (1970) er fast tilsett prosjekt-leiar i produksjonsselskapet Snøball Film, og lagar mellom anna undervisingsfilmar for Utdanningsdepartementet. Svein Ove **Hansli** (1976) er fast tilsett og vaktsjef i Dagsrevyen. Maria **Rivedal** (1981) er fast tilsett i NRK P3. Inger Johanne **Sæterbakke** (1981) er fast tilsett informasjonsrådgjevar i Tromsø kommune.

Visjon og verdiar

"Stolt nynorsk"

er visjonen til NRK Nynorsk mediesenter. Vi skal medverke til at nynorskfolk vert stolte og glade i dialekten og språket sitt. Gode nynorskbrukarar i radio, fjernsyn og på Internett gjer oss stolte av språket vårt og røtene våre. Vi skal ale opp fleire gode, nynorskbrukande føredørme i etermedia.

Det finst ikkje meir eigna kanalar for spreiling av nynorsk identitet og språkleg godtaking enn radio, fjernsyn og Internett.

NRK Nynorsk mediesenter skal og medverke til at nynorskbrukarar flest blir trygge nok til å bruke språket sitt, og såleis auke det språklege og kulturelle mangfaldet i medie- og samfunns-debatten.

"Dyktig - frodig – framfus"

Dette er verdiane NRK Nynorsk mediesenter byggjer på. Dei skal seie noko om kva vi vil vere og kva som skal prege både dei som arbeider her, og dei som får opplæringa si ved

senteret. Det skal vere kvalitet i alle ledd, slik at **dyktig** vert omdømet til NRK Nynorsk mediesenter.

Nynorsk er meir enn eit språk; det er ein identitet, ein kultur og ei historie. Ein trygg språkleg og kulturell ståstad er viktig for å vere open for nye impulsar, og for å ta sjølvstendige val. Nynorsk språk og kultur har ein **frodig** tradisjon som NRK Nynorsk mediesenter skal byggje vidare på for å gje nynorsken innpass på nye område.

Nynorskbrukaren må vere dyktig for at språket ikkje skal bli brukt mot han. Difor nyttar det ikkje å stå med hua i handa, ein må vere litt **framfus** i den positive tydinga av ordet: Våge å merke seg ut, stå for noko og vere noko.

POSTADRESSE:

NRK Nynorsk mediesenter
Postboks 100,
6801 Førde

BESØKSADRESSE:

NRK Nynorsk mediesenter,
NRK Sogn og Fjordane
Prestebøen 2,
6800 Førde

ELEFON:

Leiar : 57 72 42 30
Faglærarar : 57 72 42 74
Sentralbord: 57 72 42 42
Telefaks: 57 72 42 75

E-POST:

nyorskmediesenter@nrk.no
NETT:
www.nyorskmediesenter.no